





## Noah sin familie

### Sjå på bildet og snakk saman om det de ser:

Kven er med i denne familien? Kva gjer dei på bildet? Kva har dei på seg? Kvar er dei?

### Eller les ei lita fortelling om Noah:



Noah er tre år og bur saman med mamma, pappa og storesøster Nora som er seks år. Noah likar godt å leike med Nora, for ho har så mange fine små leiker! Men Nora vil berre av og til leike med Noah, for ho vil helst leike med Emma som bur i nabohuset. Dei er saman nesten hele tida, og då får Noah berre vere med om dei treng ein som kan vere hunden deira, og det er ikkje så veldig gøy.

Noah har ingen venner som bur i nabohusa, men han har venner i barnehagen. Noah likar godt å vere i barnehagen, men nokre av barna der er litt slemme med han også. Dei kallar han tjukk og feit og så ler dei.

Då blir Noah veldig lei seg, og nokre gongar blir han skikkeleg sint. Av og til blir han faktisk så sint at han slår og sparkar dei som seier at han er tjukk. Dei er jo slemme, og han blir veldig sint på dei! Då begynner dei å grine og så hentar dei vaksne, og så blir dei vaksne strenge med Noah fordi han slo.

Heldigvis seier dei vaksne også at dei forstår at Noah blei sint når barna kalla han tjukk. Det er ikkje lov å erte kvarandre i barnehagen. Lise i barnehagen seier dessutan at alle kroppar er akkurat like bra uansett om dei er store eller små, høge eller låge. Ingen vel sjølv korleis dei skal sjå ut, og det viktigaste med kroppane våre er jo det vi brukar dei til: leike, hoppe, gå, sitte, ligge, kaste ball, klemme og alt det andre! Noah sin kropp kan alt det der og mykje meir. Han har ein topp kropp som han kan vere veldig glad i!

### Snakk saman:

Bruk dette som utgangspunkt for å snakke litt om kor ulike familiar kan vere og kva som kan være fint eller dumt i familiar. Få fram at det viktigaste i alle familiar er at dei vaksne passer på og er glade i barna, og at ein prøver å ha det fint saman i kvardagen.

Ingen har det alltid berre bra. Det er heilt normalt å bli sinte på kvarandre, krangle litt, eller seie ting ein angrar på, men det er viktig å prøve å gjere det godt igjen etterpå. Alle treng å føle seg trygge heime og vere sikre på at dei andre i familien er glade i seg.